

FAU-møte Skei skule onsdag 16.2 kl 18.00-19.30.

Desse møtte: Heidi Husetuft Flatjord, Annette Dale Natås (rektor), Camilla Øvrebø, Jacob Andre Sandal, Mariann Bruland, Siri Cecilie Flatjord, Anne Turid Bolset.

Sakliste

- Tema på storforeldremøte til våren, kva ynskjer foreldregruppa?
- Tilbakemelding frå KFU-møte 10.2.
- Ras-sikring og uteområde.
- Informasjon frå rektor.
 - Vernerunde
 - Skuleruta for neste år
 - Ordensreglement, prosessen rundt.
- Innkomne saker

Sak 1.

Tema storeldremøte til våren. Kva ynskjer foreldregruppa?

Forslag om foreldremøte med tema «nettvett», og forslag om føredrag for foreldre/ungdomsskule, ved Dan Gøran Espedal. Heidi undersøker kostnader rundt dette, og Annette kartlegg økonomien. Eigna lokaler til eit slikt storforeldremøte kan vere td Jølster samfunnshus.

Sak 2.

Tilbakemelding frå KFU-møte 10.02

Heidi refererte frå KFU- møte som vart halde på teams. Rassikring ved Skei skule, og uteområda ved skulane vart der diskutert. Møtereferat derifrå vert publisert fortløpande her: [Sunnfjord Kommunale Foreldreutval - Sunnfjord kommune](#)

Sak 3.

Ras-sikring uteområdet.

Lenkje til alle sakene under. Der ligg utomhusplanen til Skei skule og rassikringsrapportar i tilknytning til ras problematikk frå taket på hallen.

Det er avsett pengar til rassikring av uteområde, og til utomhusplanen.

[Dokument 22/8691 - Disponering av midlar til uteområde på skular \(onacos.no\)](#)

Vedtak i saka frå kommunestyret er påført under.

1. For å løyse behovet for rassikring ved Skei skule og utbetring av uteområdet ved Skei skule, Sunde skule og Vassenden skule, blir det i økonomiplanen flytta på midlar avsett til Sande skule i 2022 og 2023. Midlane blir tilbakeført til Sande skule frå midlar avsett til uteområde skule i 2024 og 2025. Årsbudsjettet for 2022 og økonomiplanen 2022-2025 vert justert tilsvarande.
2. Skei skule og Vassenden skule sine planar må tilpassast den økonomiske råma og føresetnaden om finansiering gjennom spelemidlar.

3. Det er svært uheldig at rassikring og mur på Skei skule vert finansiert av midlane til uteområda ved skulane. Kommunestyret føreset at flytting av midlar ikkje seinkar framdrifta til Sande skule.
4. Uteområdet til ungdomskulen på Vassenden er ikkje tilfredsstillande med omsyn til mangel på utstyr for aktivitetar. Administrasjonen må utarbeide utomhusplan for ungdomskulen og legge fram for utvalet.
5. Vassenden 2025, med ei gruppe foreldre i spissen, har arbeidd fram ferdig plan for BMX bane på den gamle parkeringsplassen til barneskulen som ligg att med kommunal veg til Gjesdalen og som er ein del av skuleområdet. Grappa har også skaffa ekstern finansiering, noko blir dugnad, og anlegget er godkjent for spelemidlar. Dette anlegget må inn i utomhusplanen til Vassenden Skule, og forankrast med kommunal andel som ein del av tiltaka som skal finansierast i økonomiplanen.

Sak 4.

Informasjon frå rektor:

- Vernerunde
- Skuleruta for neste år
- Ordensreglement, prosessen rundt.

Vernerunde

Rektor hadde ein detaljert gjennomgang av kva behov skulen har for oppgradering og utbetring. Punkta under er meldt inn som utbetningsbehov til bygg og eigedomsavdelinga i Sunnfjord kommune. Her er det gjort eit grundig arbeid frå administrasjon og vaktmeister.

Oppgraderingar / vedlikehald - Skei skule

Oppgraderingar av ungdomsskule klasseroms fløy plan 0 og 1.

-Installere nytt ventilasjonsanlegg (Berre mekanisk avtrekk i dag.)

-Lydisolering av skilleveggar mellom klasserom 2, 3 og 4.

-Renovere innvendige veggflater.

-Utsifting av varmeomar.

-Opp gradering av EL tavle til KNX varmestyring. (Innhente kostnadsoverslag er planlagt, så får ein vurdere om det er mulig å gjennomføring med det første.)

-Nytt golvbelegg særleg i grupperom og garderobar.

Oppgradering av gymnastikksal og garderobar:

-Oppgradering ventilasjonsanlegg for garderobar og gymnastikksal inklusiv oppvarming av gymnastikksal.

-Skilleveggar mellom dusjar i garderobar.

-Generell oppussing av innvendige overflater.

-Skifte av vindauge og nytt golvbelegg i lager v/ gymnastikksal.

-Skifte omnar garderober(blir utført 2022).

Barneskule

-Generell oppussing av eit klasserom i plan 0.

-Ombygging av eldre inngangsparti i plan 0. (som vender mot E-39)

Barne og ungdomsskule:

-Skifte ut blandebatteri på servantar og vaskerenner, som ikkje har ein hands blandebatteri.

(Dette arbeidet er ein i gang med.)

Undervisningsrom: Montere fleire stikkontakter, for lading av PC.

Utvendig opp gradering av vegg og takflater.

-Skifte taktekkingsmateriale på leskur ungdomsskule.

-Maling av utvendige veggflater.

-Ungdomsskule personale avdeling, yttervegg mot sør. Skifte

vindauge i plan 1 og tilstøytande ytterkledning. Anslag på kostnad: 300 000. + m.v.a.

NB. Vindauge i plan 0, blir skifta i 2022 i samband med tilrettelegging av nytt bibliotek.

Skuleruta

Generell info, som før.

Ordensreglement og prosessen rundt.

For skulane i Sunnfjord kommune gjeld den overordna forskrifta for ordensreglement. Skulane skal i tillegg ha sitt eige trivselsreglement, det vert no jobba med å revidere/endre det lokale reglementet.

Inkomne saker:

Toalett og garderebeforhold på Skei skule.

Born vegrar seg mot å bruke toaletta ved skulen. Dei er gamle og prega av dårleg lukt. Reparasjonar vert gjort fortløpande. Særleg toalett i kjellaren på barneskulen, og toaletta ved ungdomsskulen treng

opprusting. Overflatene er gamle, og vanskelege å gjere reine. Trass i godt reinhald, er toalettforholda krevande.

Sommar SFO

Det har tidlegare komme ynskje frå foreldre om ei kartlegging av behovet for sommar-SFO på Skei. I vedtektene til sunnfjord kommune står det at slikt tilbud skal vere på plass hos dei største einingane. Det er difor per no lagt til Vassenden skule. Og born på Skei står per i dag utan eit reelt tilbud om SFO på sommaren. Dette gjeld dei to første og to siste vekene av sommarferien. Det er krevande for mange foreldre å ta ut til saman 8 veker sommarferie. Saka er løfta vidare, og håpet er at det vil komme ei kartlegging, slik at ein kan få eit tilbud klart til sommaren 22/23. Saka var første gong opp i FAU 23. september 2021. Og rektor har fulgt opp. Tilbakemeldinga no er at det ikkje reelt å klare ei kartlegging raskt nok til at ein kan få eit tilbud til sommarferien 2022. Barnetala i Skei skulekrins er stigande. Antal elevar i dei minste klassane no ligg på ca 18. Det vil også vere 18-19 elevar som startar til hausten, og dei kommande åra.

Referent Camilla Øvrebø